


ÅRSMELDING OG REKNESKAP

VOLDA OG ØRSTA REINHALDSVERK IKS



2006

STYRETS ÅRSMELDING 2006.

2006 er Volda og Ørsta Reinholdsværk IKS (VØR) sitt 19 driftsår. VØR er heileigd av Ørsta og Volda Kommune og eigarane heftar for selskapet sine disposisjonar med 50% på kvar. Selskapet ligg i Hovdebygda i Ørsta Kommune og driv med innsamling og behandling av avfall og slam på vegne av eigarkommunene.

Abonnementfordeling:

Kommune	Hushaldningsabb	Slamabb
Ørsta	4175	972
Volda	3473	545
Sum	7648	1517

Styringsorgan

Representantskapen avvikla 2 møter og styret 4 møter i 2006

Representantskapens sine medlemar er: Gudny Fagerhol – leiar, Oddrun Årflot – nestleiar, Vagleik Hustadnes, Knut Steinsvik, Marte Styve Holte, Nils Trovåg, Per A. Vatne, Signe Turid Barstad

Styret sine medlemmer: Ann Britt Våge Fannemel – leiar, Ivar Aarskog - nestleiar, Ove Lid, Reidun Vigestad Berge, Ivar Arne Lid (tilsette sin representant i styret fram til 01.10.06) Odd Martin Svensli (tilsette sin representant i styret frå 01.10.06).

DRIFTA

Innsamlinga og avsetning av avfall går bra utan store driftsforstyringar.

I 2006 bygg vi om gamle komprimatorstasjonen til nytt lager og administrasjonsbygg. Ombygginga gir oss resepsjon / servicetorg, eige møterom, kontor og ikkje minst driftsrekvisitalager under tak. Vi flytta inn i september – 06.

Så godt som alt avfallet til VØR går til attvinning enten som energiattvinning eller som materialattvinning. Det einaste som i dag går til deponi av vårt avfall er aska frå energiattvinning av hushaldningsavfallet.

Papp, papir, drikkekartong, glas og plast frå hushaldningane går til materialgjenvinning som råvarer til produksjon av nye materialar. Resten går til energigjenvinning der avfallet er råvare til produksjon av energi.

Avfallsmengder i tonn	2005	2006
Hushaldningsavfall	3680	3691
Papir / papp	1139	1185
Plast	10	14
Glas	169	92
Farleg avfall	65	42
E.E. avfall	217	301
Hageavfall	Ca 1350	Ca 1350
SUM	6630	6675

Blanda avfall frå hushaldningane.

Mengdene som kjem inn flatar ut i 2006. I heile 2006 blir dette levert til Sverige til energigjenvinning.

Papp, papir og drikkekartong.

Innsamla kvantum hos hushaldningane auka med 4 %. Det lesbare papiret blir sortert og går til produksjon av nytt avisepapir. Pappen blir resirkulert til ny papp og drikkekartongen blir til nye konvoluttar, postkort og lignende

Glas og metall

Det meste av glaset går som råvare til produksjon av isolasjonsmaterialet steinull. (Glava) Reduksjonen frå 2005 skuldast i all hovudsak lagersituasjonen pr 31.12.06.

Plast

Plast går til vidaresortering for attvinning. Plasten vert maskinelt sortert i flasker og kanner, folie og blanda fraksjon. Den blanda fraksjonen går vidare til kjemisk attvinning der ferdigproduktet blir metanol.. Resten går til energiattvinning der plasten erstattar anna fossilt brensel.

Farleg avfall.

Reduksjon av mengdene frå 2005 skuldast først og fremst lagersituasjonen pr 31.12.06. Vi skifta ut dei fleste farleg avfall stasjonane på bygdene våren 2006, samtidig som vi fekk på plass nye tilsynsavtalar der dei er utplasserte.

De nye stasjonane er større og har plass også til mindre elektroavfall.

Slam.

Vi hadde ordinær innsamlingsrunde i 2006. Dette har gått ryddig og greitt og utan vanskar.

Elektrisk Elektronisk avfall.

Innbyggjarane leverte ca 15 kg E.E. avfall pr person i 2006, som er ny rekord og veldig bra. Årsaka til dei store mengdene i 2006 truleg todelt. God kjøpekraft og gode miljøholdningar blant folk flest, og på grunn av bygderyddinga vi arrangerte i Volda Kommune våren-06.

Personal, arbeidsmiljø ,ytre miljø, sjukefråvær og ulykker.

VØR har ved utgangen av året 13 fast tilsette. Dei tilsette har synt god arbeidsvilje, og løyst dei store utfordringane i 2006 godt.

Internkontrollsystemet er oppdatert og det er gått vernerunder i 2006 for å avdekke avvik. Alle oppdaga avvik blir rapportert skriftleg.

Vi organiserar aktivitetane på anlegget slik at risikoen for ulykker på anlegget og utslepp til det ytre miljø vert minimert. VØR sine bilar har alle miljøvennlege Euro-motorar.

Likestilling er gjennomført i styrande organ, og vert teke omsyn til ved alle nyttilsettingar.

Av våre tilsette er 25 % kvinner

VØR hadde 2,4 % korttidsfråvær og 10,9 % langtidsfråvær i 2006. Av langtidsfråværet var 3,0 % knytt til svangerskapspermisjon.

Vi har registrert fråvær på grunn av arbeidsuhell i 2006. Vi har ikkje registrert forureining til det ytre miljø i 2006.

RAMMEVILKÅR.

Konsesjon og forskrifter

Vilkåra for drift av sorteringsstasjonen til VØR er gitt i konsesjon datert 12.11.97. VØR etterlever konsesjonskrava og dei kommunale forskriftene av 30.06.04

Slam

VØR mellomlagrar avvatna slam i Alida. Dette er gjort i medhald av løyve frå Fylkesmannen datert 16.12.91. VØR etterlever disse løyvekrava. VØR arbeidar med å finne ei permanent ordning for slamhandsaminga.

ØKONOMI.

VØR rapporterer sine rekneskapstal til SSB -Kostra. I den samanheng blir rekneskapen framstilt pr resultatområde. Regelverket for utrekning av kommunale gebyr krev at svingingar i inntekter og kostnader, dvs overskot eller underskot skal framførast det aktuelle resultatområdet og brukast etterskotsvis i ei periode på 3-5 år for å oppnå mest mogleg stabile gebyr.

Årsresultatet syner eit overskot på hushaldningsrenovasjon på kr 1.917.080,- som vert overført til bunden fond – overskotsfond hushaldningsgebyr.

Årsresultatet syner eit overskot på slam på kr 355.433,- som vert overført til bunden fond – overskotsfond slamgebyr.

Årsresultatet syner eit overskot på kr 770.889,- for området utleigeaktivitetar som vert overført til fri eigenkapital.

VØR har siste åra fått til ei stabil drift på eit lavare kostnadsnivå i høve tidligare. Det har fleire årsaker. Vekst i og kostnadene med restavfallet synes å ha stoppa opp. I tillegg har tiltak i drifta elles gitt lavare årlege kostnader i høve tidligare år.


Styret meiner at forutsetninga for fortsatt drift er tilstade.

VØR har ikkje auka lånegjelda i 2006.

Totalt sett er styret godt nøgde med året 2006, og takkar dei tilsette for innsatsen.

Hovdebygda 24.04.07



Ann Britt Våge Fannemel
Styreleiar



Ivar Aarskog
Nestleiar


Ove Lid


Reidun Vigestad Berge

Odd Martin Svensli
(tilsette sin representant)


Petter Bjørdal
Dagleg leiar



VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK IKS

Resultatrekneskap

	Note	2006	2005
Driftsinntekter			
Salsinntekt		25 335 229	24 023 791
Annan driftsinntekt		73 875	20 000
Sum driftsinntekter		<u>25 409 104</u>	<u>24 043 791</u>
Driftskostnader			
Varekostnad		-1 305	-26 807
Lønnskostnad	2	-5 197 002	-5 114 078
Avskrivning	3	-3 309 329	-3 428 093
Annan driftskostnad	2	-12 738 959	-11 775 058
Sum driftskostnader		<u>-21 246 595</u>	<u>-20 344 036</u>
Driftsresultat		<u>4 162 509</u>	<u>3 699 755</u>
Finansinntekter og finanskostnader			
Annan renteinntekt		295 896	178 906
Annan finansinntekt		26 456	0
Annan rentekostnad		-1 441 459	-1 215 547
Annen finanskostnad		0	-5 051
Netto finansposter		<u>-1 119 107</u>	<u>-1 041 692</u>
Årsresultat		<u>3 043 402</u>	<u>2 658 063</u>
Som er nytta til			
Overført fond til slambehandling		-355 433	306 899
Overført fond hushaldning		-1 917 080	-1 972 442
Overført annan egenkapital		-770 889	-992 520
Sum disponeringar		<u>-3 043 402</u>	<u>-2 658 063</u>

VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK IKS

Balanse

	Note	2006	2005
EIGEDELER			
Anleggsmiddel			
<i>Immaterielle eiendeler</i>			
Konsesjoner, patenter, lisenser, varemerker		18 800	0
<i>Varige driftsmiddel</i>			
Tomter, bygninger og annen fast eiendom	3	18 858 256	17 718 454
Driftslausøyre, inventar, verkty, kontormaskinar o.l.	3	5 877 431	7 052 826
Sum varige driftsmiddel		24 735 687	24 771 280
<i>Finansielle anleggsmiddel</i>			
Investeringar i aksjar og andeler	6	915 945	890 169
Sum anleggsmiddel		25 670 432	25 661 449
Omlaufsmiddel			
Varer	1	28 130	24 905
<i>Fordringar</i>			
Kundefordringar		2 725 883	2 397 863
Andre fordringar		735 411	176 285
Sum fordringar		3 461 294	2 574 148
Bankinnskot, kontantar og liknande	4	6 562 435	6 738 849
Sum omlaufsmiddel		10 051 859	9 337 902
SUM EIGEDELER		35 722 291	34 999 351

EIGENKAPITAL OG GJELD

Eigenkapital

Opptent eigenkapital

Fond for etterdriftiltak deponi		1 092 672	1 092 672
Fond for slamhandsaming		893 818	538 385
Fond for hushaldning		4 488 693	2 571 613
Annan Eigenkapital	6	4 770 904	4 000 015
Sum eigenkapital		11 246 087	8 202 685

VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK IKS

Balanse


	Note	2006	2005
Sum eigenkapital		11 246 087	8 202 685
Gjeld			
<i>Anna langsiktig gjeld</i>			
Gjeld til kredittinstitusjonar	5	19 677 297	22 288 339
<i>Kortsiktig gjeld</i>			
Leverandørgjeld		3 746 057	3 018 189
Skyldige offentlege avgifter		471 815	549 198
Anna kortsiktig gjeld		581 035	940 940
Sum kortsiktig gjeld		4 798 907	4 508 327
Sum gjeld		24 476 204	26 796 666
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		35 722 291	34 999 351

Hovdebygda, 24. april 2007


Reidun Vigestad Berge


Ove Lid


Odd Martin Svensli


Petter Bjørdal
dagleg leiar


Ann Britt Våge Fannemel
styreleiar


Ivar Årskog

NOTAR TIL REKNESKAPEN FOR 2006

Note 1 Rekneskapsprinsipp.

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapskikk for små foretak.

Følgjande rekneskapsprinsipp er anvende: det lavaste av kostpris og virkelig verdi for varer kjøpt inn for vidareasal, forsikra pensjonspliktar er ikkje balanseført – kostnaden er lik utbetalinga i året til forsikringsselskapet, leiegvtalar er ikkje balanseført, varige driftsmiddel vert som hovedregel avskreve lineært over venta økonomisk levetid.

Note 2 Tilsette, godtgjersler, lån til tilsette m.v.

Lønskostnader består av følgjande postar:	2006	2005
Løner:	3 943 797	3 944 572
Folketrygdavgift:	634 454	634 955
Pensjonskostnader:	514 445	438 834
Andre lønskostnader:	104 306	95 717
Sum lønskostnader:	5 197 002	5 114 078

Det har vore 12 tilsette i selskapet i gjennomsnitt i 2006.

Godtgjersler	Dagleg leiar	Styre / Rep.skap
Løn:	423 010	149 000
Pensjonspremie:	19 391	
Annan godtgjersle:	7 299	

Årets netto pensjonskostnad kjem fram på følgjande vis

Selskapet har plikt til å ha tenestepensjonordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon. Seldkapet si pensjonsordning tilfredsstiller krava i lova.

Pensjonspremie i året:	484 133
Pensjonskostnad i alt:	484 133

Revisor:

Kostnadsført revisjonshonorar i 2006 utgjer kr. 9 408.

Note 3 Varige driftsmiddel.

Kostpris 01.01.2006:	40 389 320
Tilgang:	3 800 860
Avgang:	3 027 054
Kostpris 31.12.2006:	41 163 126
Akkumulerte avskrivningar kostpris 31.12.2006:	19 081 813
Balanseført verdi 31.12.2006:	22 081 313
Ordinære avskrivningar i året:	3 309 328
Ekstraordinær avskrivning transportmiddel:	0

Note 4 Bundne midlar.

Posten inneheld bundne bankinnskot med kr. 236 968.

Note 5 Langsiktig gjeld / pantsetjingar og garantier.**Gjeld som forfell meir enn fem år etter slutten av rekneskapsåret:**

Gjeld til kredittinstitusjonar:	7 166 887
---------------------------------	-----------

Pantsetjingar og liknande:	Gjeld sikra med garantiar frå eigarane:
Gjeld til kredittinstitusjonar:	19 677 297

Note 6 Eigenkapitaltilskot KLP

Selskapet har pensjonsavtale med KLP som er eit gjensidig selskap. År om anna må KLP styrke eigenkapitalen sin og dette skjer ved at medlemene vert belasta for eigenkapitaltilskot. Ein har i 2006 betalt kr. 25 776, som er balanseført som eigenkapitalinnskot.

I åra frå og med 1994 til og med 1998 er det innbetalt kr. 62 513 i eigenkapitaltilskot til KLP. Dette er kostnadsført i rekneskapen som pensjonskostnader men skulle ha vore aktiverte. Dette er korrigert i 2004 ved direkte overføring frå konto for eigenkapital. Heile overføringa er gjort i 2004.

Sum innbetalt eigenkapitaltilskot er no kr. 135 130, medan KLP sitt estimat er kr. 180 717. Norsk Rekneskapsstandard seier at det er den lavaste av desse beløpa som skal nyttast i rekneskapen.

SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON IKS

Til representantsskapet for Volda og Ørsta reinhaldsverk IKS

6160 HOVDEBYGDA

MOTTEKE	
26 APR 2007	
ARK.NR.	J.NR. 751

REVISJONSMELDING FOR 2006

Vi har revidert årsrekneskapen for Volda og Ørsta reinhaldsverk IKS for rekneskapsåret 2006 som viser eit årsoverskot på kr.3.043.402,-. Årsrekneskapen, som er samansett av årsmelding, resultatrekneskap og balanse med tilhøyrande notar er utarbeidd av verksemda sin rekneskapsfører.

Vår oppgåve er å vurdere og uttale oss om årsrekneskapen og andre tilhøve slik lov og forskrifter krev.

Vi har utført revisjonen i samsvar med lov og tilhøyrande forskrifter og god revisjonsskikk. God revisjonsskikk krev at vi planlegg og utfører revisjonen slik at han gir oss den tryggleiken vi treng for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon. Revisjonen omfattar kontroll av materialet som ligg til grunn for informasjonen i årsrekneskapen, vurdering av dei rekneskapsprinsippa som er nytta, og dessuten vurdering av innhald og presentasjon av årsrekneskapen.

Vi meiner at dei utførte revisjonshandlingane gir eit forsvarleg grunnlag og støttar opp om konklusjonane.

Vi meiner at:

- årsrekneskapen er lagt fram i samsvar med lov og forskrift og gir eit uttrykk for selskapet si økonomiske stilling 31. desember 2006 og for resultatet i rekneskapsåret i samsvar med god rekneskapsskikk
- leiinga har oppfylt plikta si til å syte for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningane i samsvar med god rekneskapsskikk
- opplysningane i årsberetninga om årsrekneskapen, forutsetningen om fortsatt drift og forslag til anvendelse av årsoverskot er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter

Larsnes, 19. april 2007

Halldis Moltu
Halldis Moltu
-registrert revisor-
